

Storfjordsambandet AS

c/o Doxacom

Notenesgata 9

6002 Ålesund

Tlf.: 911 85 817

epost: dagleg_leiar@storfjordsambandet.no

Dato: 09.05.2025

Status og tilråding til generalforsamlinga – vidare arbeid i Storfjordsambandet AS

Innhald

Status og tilråding til generalforsamlinga – vidare arbeid i Storfjordsambandet AS	1
<i>Innleiing og statusoversikt.....</i>	<i>2</i>
<i>Styret si tilråding.....</i>	<i>3</i>
<i>Forslag til vedtak</i>	<i>4</i>
<i>Status politisk handsaming av KVV i kommunane</i>	<i>5</i>
<i>Kopi av svar ifrå kommunane.....</i>	<i>6</i>
Ålesund kommune, formannskapet, 28.01.2025:	6
Sykkylven kommunestyre, 24.02.2025:	7
Sykkylven kommunestyre, 27.05.2024:	7
Stranda kommunestyre, 26.03.2025:	8
Stranda kommunestyre, 28.08.2024:	8
<i>Oversikt vedlegg</i>	<i>9</i>
Nedlasting her:	9
Sykkylven kommune	9
Stranda kommune	9
Ålesund kommune.....	9
Fra Storfjordsambandet	9

Innleiing og statusoversikt

Storfjordsambandet AS fullførte i april 2024 konseptvalutgreiinga (KVU), som konkluderte med at fjordkryssing bør prioriterast i det vidare arbeidet. Eigarkommunane vart bedne om politisk handsaming av KVU, og deretter om å ta stilling til vidareføring mot KS1 (kvalitetssikring av konseptval), i tråd med fylket si prosedyre for sjølvfinansierande prosjekt.

Sykkylven og Stranda ga sine første tilrådingar i 2024, medan Ålesund handsama saka i januar 2025. På bakgrunn av svara ifrå Sykkylven og Stranda i 2024 har Storfjordsambandet vurdert fleire alternative løysingar for kryssing og tilførselsvegar, med mål om å identifisere eit realistisk og samfunnsøkonomisk lønsamt konsept. På slutten av 2024 vart kommunane bedne om å gi innspel til kva alternativ som bør vurderast vidare mot KS1.

Storfjordsambandet har bedt kommunane om å:

- Svare ut kva alternativ som er interessant å vurdere vidare mot ein eventuell KS1.
- Ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet.

Sykkylven og Ålesund støttar vidare arbeid med konsept 3 – kryssing av Storfjorden – og prioriterer alternativ B.

«Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realisert i èin kommande 10 års periode», ref. vedtak Stranda kommunestyre, 26.03.2025.

Styret si tilråding

KVU-en var starta for fullt i august 2022, og har vore det viktigaste arbeidet for styret i Storfjordsambandet fram til no. På bakgrunn av eit grundig arbeid i medverkingsprosessar, utgreiingar, 27 styremøte ifrå 2022 og fram til no, i tillegg til ei rekke møter med kommunar og fylke, meiner styret at:

- Det ikkje er føremålstenleg å gå vidare til KS1 før det er ei brei semje mellom eigarkommunane om eitt alternativ.
- I det vidare arbeidet skal ein byggje på eksisterande materiale.
- I det vidare arbeidet skal Storfjordsambandet styrke sin posisjon på fylket si prioriteringsliste av store fylkesvegprosjekt / fjordkryssingar.
- Ein oppdatert KVU med vurdering av alternative løysingar gjennomførast i løpet av 2025.

Ut ifrå dei utgreiingar som er gjort, og arbeidet som gjerast på tvers av norske fylker for å styrke dei sentrale rammevilkåra for ferjeavløysingsprosjekt, meiner styret at det finst metodikk og tekniske løysingar som gjer det mogleg å realisere ei fjordkryssing med tilfredsstillande seglingshøgde, innanfor realistiske kostnads- og finansieringsrammer.

Forslag til vedtak

Styret tilrår at generalforsamlinga fattar følgjande vedtak:


- *Storfjordsambandet AS arbeider vidare med konsept 3 – kryssing av Storfjorden, og prioriterer ei nærare utgreiing av alternativ B i ein oppdatert KVV.*
- *Den oppdaterte KVV-en skal inkludere vurderingar av alternative løysingar (sjå vedlegg «Vedlegg 2 Alternative løysingar_konsept 3.pdf») og vere i tråd med Finansdepartementet sin rettleiar nr. 9.*
- *Arbeidet med den oppdaterte KVV-en skal gjennomførast og ferdigstillast i løpet av 2025.*
- *Kostnader knytt til oppdateringa av KVV-en skal dekkast innanfor dei midlar Storfjordsambandet har tilgjengeleg i dag.*

Status politisk handsaming av KVV i kommunane

Storfjordsambandet har i etterkant av KVV - og på bakgrunn av svar ifrå Sykkylven og Stranda kommunar vurdert alternativ som kan tilfredsstille krava til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing. Dette har Storfjordsambandet presentert biletleg som å plassere alternativa i ei trakt, og med overskrifta «Innsnevring av moglegheitsrommet».

Denne prosessen er definert som «Innsnevring av moglegheitsrommet, status etter konseptvalutgreiing (KVV) for Storfjordsambandet, kva slags moglege val finst basert på svara ifrå kommunane?».

Sjå vedlegg «Vedlegg 2 – Alternative løysingar».



Styret i Storfjordsambandet har i prosessen streka under viktigheita av at kommunane står samla om å greie ut nærmare eitt – eller eit fåtal alternativ før ein går vidare til neste fase i prosessen KS1 (kvalitetssikring av konseptval).

Storfjordsambandet har bedt kommunane svare ut kva alternativ som er interessant å vurdere vidare mot ein eventuell KS1 - på bakgrunn av; målsetjing i KVV, nytte/verdiskaping, kostnad, finansiering, politisk vilje.

Eit viktig spørsmål for Storfjordsambandet er om vi på bakgrunn av status no kan anbefale kommunane å ta stilling til å gå vidare med KS1, eller om vi bør vente med det.

Kopi av svar ifrå kommunane

Ålesund kommune, formannskapet, 28.01.2025:

- Ålesund kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til vitande.
- Ålesund kommune er positive til at Storfjordsambandet jobbar vidare med konsept 3-kryssing av Storfjorden.
- I det vidare arbeidet vil kommunen anbefale:
 1. At Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – kryssing av Storfjorden og prioriterer å greie nærare ut alternativ B.
 2. At behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere blir greidd ut.
 3. At framtidige tekniske løysingar og prosjektmetodikk som kan tilfredstille krav til seglingshøgde og ei realiserbar løysing blir greidd ut.
 4. At Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVU-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.
 5. Ålesund kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, og dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.
 6. Utgreiing av eit 0+ -alternativ, utbetring/oppgradering av dagens vegsystem med auka frekvens på fergeavgangar, som syner kostnad/nytte, for å jamføre mot alternativ B. Dette i tillegg til det obligatoriske 0-alternativet (vidareføring av dagens løysing).

Sykkylven kommunestyre, 24.02.2025:

Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden) og prioriterer å greie nærare ut alternativ B.

Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa A, B1, B2, CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVV-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.

Sykkylven kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVV) for Storfjordsambandet, og dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

Sykkylven kommunestyre, 27.05.2024:

Sykkylven kommune tek konseptvalutgreiinga (KVV) for Storfjordsambandet til vitande (vedlegg).

Sykkylven kommune er svært positive til prosjektet og anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden).

I det vidare arbeidet med kryssing av Storfjorden er det anbefalt å avklare:

1. behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere, og
2. framtidig prosjektmetodikk og tekniske løysingar som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

Stranda kommunestyre, 26.03.2025:

Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realisert i ein kommande 10 års periode

Stranda kommunestyre, 28.08.2024:

Stranda kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til orientering (vedlegg).

Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden).

I det vidare arbeidet med kryssing av Storfjorden rår ein til å utforske / utfordre:

Framtidig prosjektmetodikk og tekniske løysingar som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde på minimum 74 m og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

Kommunen vil i samarbeid med Storfjordsambandet og næringsliv utforske om det kan finnast prosjektmetodikk, tekniske og smarte løysingar i framtida som gjer det mogleg å krysse fjorden med ei tilfredsstillande seglingshøgde, til ein realistisk kostnad, og med ei realistisk finansiering.

Kvar brua plasserast, og om det er aktuelt å forfølge konsept 1 (tiltak på delstrekning 1, Sykkylven – Stranda – tunell Hole - Engeset) eller konsept 2 (tiltak på delstrekning 2, Digernes – Storfjorden), vil avhenge av fleire forhold, og vil måtte planleggast, detaljerast og optimaliserast i seinare fasar av prosjektet.

Kommunen vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 (jamfør fylket si prosedyre for prosess og kvalitetssikring av «sjølvfinansierande prosjekt») etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet.

Oversikt vedlegg

Nedlasting her:

<https://storfjordsambandet.no/>

Sykkylven kommune

- Kopi vedtak Sykkylven kommunestyre 24.02.2025.pdf
- Nytt_underlag_for_politisk_handsaming_av_KVU_for_Storfjordsambandet_190905_3_P_2459542.pdf
- Sykkylven kommune politisk behandling KVU 27.05.2024.pdf

Stranda kommune

- Stranda kommune Vedtak - Storfjordsambandet 27.03.2025.pdf
- Stranda kommune politisk behandling KVU 28.08.2024.pdf

Ålesund kommune

- Ålesund Politisk behandling av KVU- Storfjordsambandet 28.01.2025.pdf

Frå Storfjordsambandet

- Storfjordsambandet status til kommunane 14.04.2025.pdf
- Storfjordsambandet status etter KVU_kommunar291124_presentasjon.pdf
- Vedlegg 2 Alternative løysingar_konsept 3.pdf
- Vedlegg 3 Metode.pdf
- PolitiskBehandlingKommunar_Storfjordsambandet prioriteringer KVU_mai2024.pdf
- 190424 Storfjordsambandet KVU-rapporten politisk behandling kommuner.pdf
- Vedlegg 1 KVU-Storfjordsambandet-_endelig_04.03.2024.pdf